

Dugnad

Dugnad 2018

I vedtektene til KB står det enno:

"§ 9 Dugnad

Alle medlemene i båtlaget pliktar å delta på dugnad med eit omfang fastsett av årsmøtet for kvart år, likevel ikkje meir enn 15 timar i året. Fråvær frå dugnad vil verta fakturert med dugnadsavgift pr. time fråvær, etter ein sats fastsett av årsmøtet.

Medlemer som er over 70 år, eller er uføretrygda, kan etter søknad få fritak for dugnad / dugnadsavgift for ei bryggje. Det er eit vilkår for dette at bryggja ikkje vert leigt ut til andre. Arbeid i styret, revisjon og liknande oppdrag tel som dugnadsarbeid."

Men på årsmøtet i 29. mars 2017 vart det gjort vedtak som klårt indikerer at denne paragrafen må strykast eller endrast:

"4. Kontingentar og avgifter for 2017. Styret kjem med framlegg om at ordninga med dugnad vert avvikla. Medlemsavgifta vert auka til kr. 500/år for alle registrerte medlemar. Hamneavgifta vert lagt på ein grunnpris pr. båtplass med kr. 500/år. Styret i båtlaget eller dugnadsnemnda «leiger inn» medlemar med nødvendig kompetanse til å utføra vedlikehald/arbeid – timeprisgodtgjersle vert sett til kr. 150,- Dersom arbeid/vedlikehald treng serskilt kompetanse, må båtlaget leiga inn dette til marknadspris. Alt arbeid/vedlikehald skal godkjennast av «dugnadsansvarleg eller styret. Dersom styret sitt framlegg vert vedteke av årsmøtet – må § 9 i vedtektene endrast. "

Om endringane kjem til å verta gjort på årsmøtet 9. mars d.å. står att å sjå. Styret har allereie innført praksis i fylgje årsmøtevedtak 2017. Det står att å få endra §9 i Vedtektene.

Dugnadsavgifta 2016.

Kinsarvik Båtlag har krevd inn dugnadsavgift saman med årsleiga båthavna. Det vert ikkje dugnad i år – og i styremøte 26.10.16 – vart det gjort framlegg om at dette kan avreknast mot leige 2017. Dersom nokon ynskjer dugnadsavgifta refundert – må dei ta kontakt med kasserar egil.urheim@kinsarvik.net eller post@b-vikane.no – og gje opp kontonummer for innbetaling/refusjon.